

## **Informasjon til pårørende og fagfolk om Møteplass.**

Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk helse (LPP), Helse Førde og kommunane startar no opp eit tilbod for pårørende til personar med utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus.

### **MØTEPLASS for helsefremmende dialog mellom pårørende og fagfolk**

Møteplass er ein arena for likeverdig møte mellom pårørende og fagfolk frå kommunar og Helse Førde. Dei skal møtast for å utveksle erfaringar, reflektere og diskutere ulike tema knytt til pårørende sin situasjon. Målet er gjensidig læring, forbetring av tenestene og auka mestring for dei pårørende. Det unike er at fagfolka og møteplassteamet etter møtet skal vurdere korleis dei skal nytte ny kunnskap frå møtet på sine respektive arbeidsplasser.

Møteplass er eit nasjonalt satsingsområde for LPP og organisasjonen får støtte frå Helsedirektoratet for å etablere dette tilboden i fylka. LPP har samarbeida med Læring og meistringssenteret, LMS, i Helse Førde og fleire kommunar for å etablere og drive dette tilboden.

No starter vi opp med Møteplass både i Førde og Nordfjordeid.

**Måndag 20. august blir det Møteplass på Eid Rådhus.** Tema denne dagen er: «Godt samarbeid - kva styrker eller utfordrar samarbeidet mellom pårørende og fagfolk innan psykisk helse eller rus»

**Tirsdag 21.august blir det Møteplass i Førde på Firdabygget, Firdavegen 12.** Tema i Førde er: "Korleis samarbeide når dramatiske hendingar utfordrar oss som pårørende og fagfolk?

### **Program for møta ser slik ut:**

Kl. 17.30 Velkommen og servering av kaffi/te og noko å bite i.

Kl. 18.00 Informasjon om Møteplass, taushetsplikt m.m.

Kort innlegg, 5 minutt, av ein pårørende om dagens tema. Dette er avtalt på førehand.

Kort innlegg, 5 minutt, av ein fagperson om dagens tema. Dette er avtalt på førehand.

Åpen dialog

Kl. 19.15 Pause

Kl. 19.30 Åpen dialog fortsetter

Kl. 20.30 Møtet slutt

På desse 2 møta i august vil det vere LPP sine Møteplass prosjektleiarar Arne Kallekleiv og Lise Aarø som leiar møta, og møta er ein del av opplæringa av lokale Møteplassteam.

### **Møteplass er eit unikt prosjekt.**

Møteplass er for pårørende, foreldre, søsken, ektefelle/partner, vaksne barn og andre som har nær og varig kontakt med menneske som har utfordringar med psykisk helse og/eller rus og fagfolk som på ulike arenaer kjem i kontakt med brukaren eller pårørende. Møteplass er

organisert slik at pårørande og fagfolk i fellesskap utvekslar erfaringar og reflekterer over eit tema.

På Møteplass treff pårørande andre som er i liknande situasjon og kan utveksle erfaringar og lære av kvarandre. Når pårørande og fagfolk snakkar saman om tema som er utfordrande så kan ein finne løysingar og større forståing av det som er vanskeleg. På Møteplass vil fagfolk frå kommunane og Helse Førde snakke saman om tema som utfordrar begge partar. På denne måten er Møteplass ein unik arena for å reflektere og forbetra tenestetilboda til brukarar og pårørande.

Institusjonar og kommunar er gjennom «Forskrift til ledelse og kvalitetsforbedring» (13.06.2017) gitt eit tydleg ansvar for å innhente brukarerfaring og at brukarar skal medverke i utvikling og forbetring av tenestetilboda. Gjennom Møteplass kan kommunar og helseføretak få kunnskap om brukarane sine erfaringar og pårørande kan påverke korleis tenestene kan forbetrast.

### **Pårørande og fagfolk er velkommen på Møteplass.**

LPP ynskjer alle interesserte velkomen til Møteplass og håper at vi, pårørande og fagfolk, saman kan medverke til forbetring av tenestetilboda. Det vil kome både brukarane, pårørande og fagfolka til gode. LPP håper pårørandevil nytte tilbodet både for eigen del, men også for å kunne medverke til forbetring av tenestetilboda i kommunane og Helse Førde. Fagfolk har ved fleire høve gitt uttrykk for ynskje om tettare samarbeid med pårørande og har hatt eit ynskje om eit tilbod til pårørande. Når fagfolk deltek saman med pårørande på Møteplass så bidrar det til betre samarbeid, auka kunnskap og er eit godt tilbod til pårørande.

Dersom du ynskjer å delta på Møteplass på Nordfjordeid eller i Førde så ta kontakt for meir informasjon og påmelding.

Førde Kommune: Liv Stafsnes, tlf. 90 29 66 87. E-post: [Liv.Stafsnes@forde.kommune.no](mailto:Liv.Stafsnes@forde.kommune.no)  
Eid kommune: Elisabeth Wik Leite, tlf. 47 65 35 46 [Elisabeth.wik.leite@eid.kommune.no](mailto:Elisabeth.wik.leite@eid.kommune.no)  
Helse Førde: Are Mikael Lillebø, tlf. 98 85 21 13. E-post: [are.mikael.lillebo@helse-forde.no](mailto:are.mikael.lillebo@helse-forde.no)  
LPP Sogn og Fjordane: Astrid Gytri, tlf. 90 13 89 82. E-post: [lpp.sj@lpp.no](mailto:lpp.sj@lpp.no)